



Statens vegvesen

PLANPROGRAM

FASTSATT



Foto: Eli Mundhjelid, Breiddalen | september 2025

Kommunedelplan for masselager i Skjåk kommune

Planprogram til kommunedelplan
Tilknyttet hovudprosjektet rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Skjåk kommune

Utbygging midt

01.07.2026

INNHALD

<u>1</u>	<u>INNLEIING</u>	<u>1</u>
<u>2</u>	<u>FORMÅLET MED EIT PLANPROGRAM</u>	<u>2</u>
2.1	Kva er eit planprogram	2
2.2	Konsekvensutgreiing	3
<u>3</u>	<u>PLANOMRÅDE, BAKGRUNN OG MÅLSETTING</u>	<u>4</u>
3.1	Planområdet.....	4
3.2	Bakgrunn for planarbeidet med masselagre.....	6
3.3	Overordna mål for v. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger.....	6
<u>4</u>	<u>RAMMER OG FØRINGAR</u>	<u>7</u>
4.1	Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036	7
4.2	Berekraft i Statens vegvesen	7
4.3	Internasjonale og nasjonale planar og føringar	8
4.4	Regionale planar og føringar	9
4.5	Lokale planar og føringar.....	9
<u>5</u>	<u>GJENNOMGANG AV AKTUELLE OMRÅDE FOR MASSELAGRING</u>	<u>10</u>
5.1	Referansealternativ – nullalternativ	10
5.2	Alternativ som er foreslått utgreidde i Skjåk kommune	10
<u>6</u>	<u>SILING AV AKTUELLE MASSELAGRE</u>	<u>16</u>
<u>7</u>	<u>METODIKK FOR UTGREIING</u>	<u>18</u>
<u>8</u>	<u>UTGREIINGSPROGRAM</u>	<u>19</u>
8.1	Kostnader	19
8.2	Tema som skal utgreiast i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing	19
8.3	Risiko og sårbarheit (ROS)	24
8.4	Tema som skal behandlast i planomtalen.....	25
<u>9</u>	<u>PLANPROSESS OG MEDVERKNAD</u>	<u>26</u>
9.1	Forholdet til kommunedelplan rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger.....	26
9.2	Planprosess for kommunedelplan for masselager (denne planen).....	26
9.3	Medverknad.....	26
9.4	Framdrift	27

1 INNLEIING

Generelt

Med heimel i plan- og bygningslova § 3-7 har Statens vegvesen starta arbeidet med kommunedelplan med konsekvensutgreiing (KU) for masselager i Skjåk kommune.

Dette er ein del av prosjektet *Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger*. Ny tunnel på Strynefjellet vil generere store mengder overskotsmassar, og det vil difor vere behov for å greie ut område for lagring og/eller deponering av bergmassane. Arbeidet med masselager vil bli gjennomført som eigne planprosessar. Kommunane vil vere planmynde, og Statens vegvesen vil vere tiltakshavar og forslagsstillar til planane. Det skal utarbeidast tre parallelle kommunedelplanar med KU:

- Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger (hovedprosjektet for rv. 15/fv. 63)
- Rv. 15 Strynefjellet, masselager i Skjåk kommune (denne planen)
- Rv. 15 Strynefjellet, masselager i Stryn kommune

Prosjektet er av ein storleik som utløyser krav om konsekvensutgreiing, og eit planprogram skal utarbeidast for kvar kommunedelplan.

Varsling av oppstart av arbeidet med kommunedelplanen vart gjort samtidig med at forslag til planprogram vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10. november 2025 til 15. januar 2026. Alt av planmateriale er å finne på prosjektet si nettside:

<https://www.vegvesen.no/nn/vegprosjekt/riksveg/rv15strynefjellet/>

Innspel og merknader

Frist for innsending av innspel og merknader ved planoppstart var 15. januar 2026 (tre alternativ):

- via skjema i medverknadsportalen: sjå lenke på prosjektet si nettside
- på e-post til firmapost@vegvesen.no, eller
- per brev til Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

Innspel skulle merkast:

- «Innspel – Rv. 15 Strynefjellet, masselagre i Skjåk»

Mottatte innspel til planprogrammet har blitt behandla av Statens vegvesen i samarbeid med kommunen. Planprogrammet har blitt endra som følgje av innkomne innspel der Statsforvaltaren har varsla motsegn mot fleire masselager. Fleire masselager blir dermed tatt ut. Dette går fram av planprogrammet.

Planprogrammet i Skjåk kommune vart godkjent av Skjåk kommunestyre den 18.06.2026 i K.sak. nr. 39/26

Kontaktinformasjon

Spørsmål om planarbeidet:

Statens vegvesen:

Prosjektleder Rolf Arne Hamre, e-post: Rolf.Hamre@vegvesen.no, tlf. 909 22 459,
Planleggingsleder Ivar Ole Mittet, e-post: Ivar-Ole.Mittet@vegvesen.no, tlf. 414 79 996

Skjåk kommune:

Arealplanleggjar Therese Moe Øye, e-post: Therese.Moe.Oye@lom.kommune.no

2 FORMÅLET MED EIT PLANPROGRAM

2.1 Kva er eit planprogram


I samsvar med § 4-1 i plan- og bygningslova krev kommunedelplanar planprogram. Eit planprogram er ein plan for planleggingsprosessen og utgjer første steg i arbeidet med utarbeiding av ein kommunedelplan.

Formålet med eit planprogram er mellom anna å klargjere formålet med planarbeidet, avklare vurdering av alternative løysingar og behovet for utgreiingar, og sikre ein strukturert prosess med aktiv medverknad frå offentlege organ og berørte grupper.

Eit planprogram skal gjera greie for:

- Formålet med planen
- Overordna føringar og rammar for planen og KU
- Skildring av planområdet
- Omtale av alternativ
- Kva som skal utgreiast

Dersom regionale og statlege styresmakter på bakgrunn av «forslag til planprogram» vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette gå fram av fråsegna til forslaget til planprogrammet. Regionale og statlege styresmakter skal så langt det er mogleg ta stilling til om planforslag bør fremjast, kva som i tilfelle bør utgreiast og kva for avbøtande tiltak som bør vurderast.



Figur 2-1 Illustrasjon av planprosess etter plan- og bygningslova.

2.2 Konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiingar av 1. juli 2017 (KU-forskrifta) gir rammer for å avgjere om ein plan skal innehalde ei konsekvensutgreiing. Formålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuing av planar, og når det tas stilling til om, og på kva for vilkår, planer kan gjennomførast.

Investeringskostnaden for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger overstig 750 millionar kroner. Det inneber at tiltaket fell inn under føresegna i forskriftas § 6 pkt. 7; tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast.

Desse forholda gjer at det er nødvendig å utarbeide konsekvensutgreiing for alle tre kommunedelplanane i Strynefjell-prosjektet.

3 PLANOMRÅDE, BAKGRUNN OG MÅLSETTING


3.1 Planområdet

Kartet under viser masselagra det no varslast planoppstart for i Skjåk kommune. Forslag til areal for masselagring er henta frå konseptvalutgreiinga (KVV) frå 2018 og frå ein intern vurdering i Statens vegvesen.

Kommunedelplanprosessen og konsekvensutgreiinga (KU) skal avklare kva for masselagre vi vil gå vidare med og i neste planfase detaljregulere. Det endelege planområdet vil bli nærare avklart i planprosessen og vil då vere mindre enn varsla område.








Figur 3-1 Oversiktsbilde som viser prosjektets beliggenhet med rød sirkel. Kilde: Kommunekart (2025)



Figur 3-2 - Oversiktsbilde over planområdet som no blir varsla.

Planområda for masselager i Skjåk kommune strekker seg frå Langvatnet i vest og nesten ned til Bismo i aust.

For nærare omtale av kvart område, sjå kapittel 5.



Figur 3-3 Utsnitt av kvart enkelt planområde.

3.2 Bakgrunn for planarbeidet med masselagre

Ny tunnel utløyer behov for å handtere ei stor mengd bergmassar. Formålet med planarbeidet er å greie ut moglege areal for lagring og/eller deponering.

Kommunedelplanprosessen og konsekvensutgreiinga (KU) skal avklare kva for masselagre vi vil gå vidare med og i neste planfase detaljregulere. Moglegheita for å hente ut bergmassar frå lager på eit seinare tidspunkt skal vurderast som ein del av dette.

3.3 Overordna mål for v. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Overordna mål for Strynefjell-prosjektet er at ny rv. 15 over Strynefjellet skal etablerast som eit trygt og påliteleg heilårssamband som støttar opp under næringslivet og innbyggjarane sine behov for gods- og persontransport.

Utbygginga skal betre regularitet for person- og godstransport over Strynefjellet med redusert kolonnekøyring og vegstenging på årsbasis, under dette redusert reisetid og forbetre framkomst på vinterstid.

4 RAMMER OG FØRINGAR

I dette kapittelet er det gitt ei oversikt over relevante planar, retningslinjer mv. som inneheld arealpolitiske føringar som vil stå sentralt i utarbeiding av kommunedelplan for masselager i Skjåk kommune.

I arbeidet vil det bli lagt til grunn relevante statlege planretningslinjer og planføresegner. Planforslaget skal vise korleis prosjektet har stilt seg til desse rammene og føringane.

Plan- og bygningslova (PBL) har berekraftig utvikling som hovudføre mål, og har mykje å seie for blant anna jordvern, naturmangfald, klima, kulturmiljø og samfunnsutvikling.

4.1 Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036

Nasjonal transportplan (NTP) er ei stortingsmelding som presenterer transportpolitikken til regjeringa for ein tolvårsperiode, med hovudvekt på dei første seks åra. I NTP 2025–2036 er ny Strynefjellstunnel prioritert med oppstart i første 6-årsperiode.

NTP gir også føringar for masselagring i vegprosjekt, som ein del av arbeidet med å redusere miljøbelastning og fremme sirkulær økonomi. Under følgjer utdrag frå stortingsmeldinga:

"For å redusere miljøbelastningen og kostnader ved store utbyggingsprosjekter, er det viktig med god planlegging og koordinering av massehåndtering. Det innebærer blant annet å sikre arealer til mellomagring og gjenbruk av overskuddsmasser. Transportvirksomhetene skal samarbeide med kommuner og fylkeskommuner for å finne gode løsninger for masselagring, og digitale verktøy skal tas i bruk for å optimalisere masseflyt mellom prosjekter."

"Gjenbruk av masser er et viktig bidrag til sirkulær økonomi og reduserte klimagassutslipp. Det skal legges til rette for at overskuddsmasser fra ett prosjekt kan benyttes i andre prosjekter, og det skal vurderes hvordan masselagring kan integreres i planprosesser på et tidlig stadium."

4.2 Berekraft i Statens vegvesen

Statens vegvesen har berekraft som eit av tre prioriterte område i sin verksemdsstrategi. Disse områda skal støtte opp om Nasjonal transportplan sitt overordna mål om eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i 2050.

Statens vegvesen har identifisert fem berekraftsområde som etaten har størst høve til å påverke, og som er viktige. For kvart berekraftsområde er det definert eit oppdrag som fortel konkret om korleis vi skal jobbe for å løyse samfunnsoppdraget. Jf. figur 4-2.

Les meir om Statens vegvesen sitt berekraftarbeid på [Bærekraft | Vegveven](#)



Figur 4-1 Statens vegvesen har identifisert fem berekraftsområder med definerte oppdrag. Kjelde vegvesen.no

Det er ei målsetjing å redusere samla arealbruk, minimere nedbygging av naturareal og hindre tap av areal med nasjonal og vesentleg regional verdi.

Mål for biologisk mangfald og økosystem er å:

- ta vare på natur og økosystem langs vegen, på land og i vatn
- unngå tap av viktig natur og redusere den totale arealbruken til utbyggingsporteføljen

Statens vegvesen har intensivert arbeidet med å optimalisere areal i alle fasar frå tidleg planlegging til ferdig utbygd veg for at etaten skal nå målsetjingar for natur og biologisk mangfald.

4.2.1 BREEAM Infrastructure


Statens vegvesen har valt å nytte BREEAM Infrastructure som eit verktøy for å systematisk vurdere, planlegge og dokumentere berekraft og kvalitet i våre utbyggingsprosjekt.

Med BREEAM Infrastructure kan vi konkretisere berekraftmåla og sikre at dei faktisk blir nådde i prosjekta.

BREEAM Infrastructure er eit bevisbasert sertifiseringsverktøy med verifisering av ein tredjepart. Ordninga er eigd av det britiske forskingsinstituttet Building Research Establishment (BRE).


4.3 Internasjonale og nasjonale planar og føringar

- FN sine berekraftsmål (12, 13, 14, 15, 17) og EU sitt avfallsdirektiv
- Statlege planretningslinjer for klima, energi og arealbruk
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023–2027)
- Noregs mineralstrategi, 21.06.2023
- Forureiningslova og avfallsforskrifta
- Lovverk som plan- og bygningslova, jordlova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og vassressurslova
- EU sitt rammedirektiv for vatn
- Miljødirektoratet sin rettleiar for massehandteringsplanar



Figur 4-2: Ressurspyramiden for massehandtering. Kilde: Statsforvaltaren i Oslo og Viken (2025)

Tiltakshierarkiet skal leggest til grunn som ein del av transportsektoren sitt sektorbidrag til å nå nasjonale miljømål, jf. Nasjonal transportplan 2022–2033 (Meld. St. 20 (2025-2036)). Dette er også nedfelt i Statens vegvesen sin rettleiar for konsekvensutgreiingar og samfunnsøkonomisk analyse, handbok V712.



Figur 4-3: Illustrasjon av tiltakshierarkiet der å unngå har høgste prioritet. Kjelde: Miljødirektoratet (nynorsk versjon Statens vegvesen)


4.4 Regionale planar og føringar

Det er fleire regionale planar og føringar som er aktuelle og som blir teke med vidare i planarbeidet. I tillegg til de regionale føringane og planane nemnt i hovudprosjektet, er følgjande dei mest sentrale for masselagring:

- Regional plan for klima, energi og miljø
- Innlandsstrategien 2024-2028
- Statsforvaltaren sitt rundskriv om regionale miljøkrav
- Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Regional plan for Gudbrandsdalslågen og sidevassdrag
- Jordvernstrategi for Oppland

4.5 Lokale planar og føringar

- Planstrategi for Skjåk kommune 2024-2027, vedtatt 25.02.2021
- Kommuneplan for Skjåk – kommuneplanens arealdel 2020-2030, 24.06.2021
- Kommuneplan for Skjåk – kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028, 22.02.2018
- Kulturminnevernplan for Skjåk 2010-2014, 25.03.2010. Planoppstart med ny plan i 2023.
- Klima- og miljøplan for Skjåk – 2023-2028, 06.2023



Figur 4-4: Utsnitt av Breiddalen i kommuneplanens arealdel. Fremtidig veglinje (rød linje) fra KVVU (Konsept B1) er lagt inn. Kjelde: Plankart, kommunens hjemmeside (datert 08.2025)

Det er ingen areal like ved vegprosjektet som er regulert til masselagring. Planområdet for kommunedelplanen er difor open for å femna både førebelse forslag frå KVVU'en til masselagringsområde og nye innspel.

Området frå KVVU'en berører fire reguleringsplanar som ligg rundt Breiddalsvatnet:

- Reguleringsplan for Breidablikk – Områderegeringsplan, planID: 05130007 (24.03.1988)
- Reguleringsplan for Grotli fritidsboligområde – planID: 05130023 (28.06.2007)
- Grotli Fjellhytter – planID: 34330005 (01.09.2023)
- Reguleringsplan for Grotli – planID: 05130008 (09.06.1993)


Områda 4-1 og 6-1 (vist under punkt 5.2.2) er regulerte og inngår i kvar sin reguleringsplan for råstoffutvinning:

- Framruste – planID 0513007 (25.04.2002)
- Kuhølgruva – planID 5130037 (14.06.2018)

5 GJENNOMGANG AV AKTUELLE OMRÅDE FOR MASSELAGRING

Ny tunnel på Strynefjellet vil generere store mengder overskotsmassar og det er behov for lagring og mellomlagring i tilknytning til kvar enkelt tunnelopning. Det er difor nødvendig å sjå på aktuelle område i alle tre kommunane.

Som nemnt i kapittel 3 er forslag til areal for masselagring omtalt i planprogrammet henta frå konseptvalutgreinga (KVU) frå 2018 og frå en intern vurdering i Statens vegvesen. Totalt sett er dette mange område og det vil vere naudsynt å gjennomføre ein silingsprosess for å sile vekk dei løysingane som ikkje er aktuelle å ta med i vidare utgreiing.



Figur 5-1: Oversikt over forslag til masselagringsområder i Skjåk og Stryn kommune.

5.1 Referansealternativ – nullalternativ

Når det skal vurderast kva påverknad eit tiltak (her masselager) som skal greiast ut har på omgjevnadane, er det behov for eit referansealternativ som samanlikningsgrunnlag.

Referansealternativet – nullalternativet – er dei foreslåtte områda slik dei verkar og blir nytta i dag, utan etablering av masselager.


5.2 Alternativ som er foreslått utgreidde i Skjåk kommune

Planområda ved planoppstart strekte seg frå Langvatnet i vest og nesten ned til Bismo i aust. I Breiddalen er det sett på fleire område. Veret her er utfordrande for anleggsdrift i vinterhalvåret, og det må takast omsyn til villreintrekk og sårbar natur. Som følgje av innkomne merknader ved planoppstart har fleire område for masselager i Breiddalen vorte tatt ut. Dette går fram av pkt. 5.2.1

Oversiktskart og tabell med foreslåtte og utgåtte alternativ blir vist i planprogrammet. I Skjåk kommune blir det varsla seks planområde, og forslaga er nummererte ut frå kva planområde dei ligg innanfor. Områda frå KVU'en og den interne prosessen er omtala kvar for seg i tabellane. I tabellane under er kvart område beskrive etter AR5-kategoriane til Nibio, som seier noko om kva areala brukast til, for

eksempel bygningar, skog, jordbruk, myr og vatn. I AR5 er områder over tregrensa og ikkje-produktive områder klassifisert som «ikkje kartlagt».

5.2.1 Område i Breiddalen som blir tatt ut



Figur 5-2: Oversikt over forslag til masselagringsområder som blir teke ut. Alle innspel i Breiddalen er henta frå konseptvalutgreiinga (KVU).

Innspel og skildring vidareført frå KVU

1-1 Rasvoll og utfylling langs fv. 63 Langvatnet

Området ligg langs Geirangervegen (fv. 63) frå krysset med rv. 15 og langs Langvatnet vestover. Området kan romme om lag 500 000 m³.

Området består hovudsakleg av ferskvatn, men er elles ikkje kartlagt. Området blir teke ut som følgje av negative innspel som har kome inn ved planoppstart.



1-2 Utfylling Langevatnet og området kring Oppljostunnelen

Inneber utfylling i Langvatnet på begge sider av dagens rv. 15 i området ved krysset til Geirangervegen (fv. 63). Området kan romme om lag 500 000 m³. Området ligg i nærleiken av Breheimen nasjonalpark.

Området består hovudsakleg av ferskvatn.

Området blir teke ut som følgje av negative innspel som har kome inn ved planoppstart.



1-3 Lægerhytta

Området ligg på begge sider av rv. 15 mellom Nordre og Søndre Lægervatn. Området kan romme om lag 1,5 mill. m³.

Området er ikkje kartlagt etter AR5.

Området blir teke ut som følgje av negative innspel som har kome inn ved planoppstart.




1-6 Skomakerelva


Området ligg langs eit elvesystem ovanfor Hamseviki. Området kan romme om lag 1,6 mill. m³.

Området består av ferskvatn og er elles ikkje kartlagt etter AR5.

Området blir teke ut som følgje av negative innspel som har kome inn ved planoppstart.



5.2.2 Område i Breiddalen som blir med



Figur 5-


3: Oversikt over forslag til masselagringsområder som blir videre til ein silingsprosess. Planområdet er redusert pga. masselagerområde som går ut etter innkomne merknader ved planoppstart.

Innspel frå intern prosess i Vegvesenet

1-4 Brøytestasjonen

Området ligg ved brøytestasjonen, på ei odde vest i Breiddalsvatnet. Området kan romme om lag 100 000 m³.

Området er ikkje kartlagt etter AR5.



1-5 Hamseviki -

Området ligg i ei vik i Breiddalsvatnet, der rv. 15 kryssar på fylling. Området kan romme om lag 1,72 mill. m³.


Området består av ferskvatn.



2-1 Grotli

Området ligg ved ein parkeringsplass i tilknytning til Gamle Strynefjellsvegen (fv. 258), rett ved Grotli. Området kan romme om lag 300 000 m³.

Området består av open fastmark og noko skog.




2-2 Grotli

Området ligg på motsatt side av Grotli Turisthotell, i krysset mellom rv. 15 og Gamle Strynefjellsvegen (fv. 258).


Området består av open fastmark og noko skog. Det ligger eit våtdrag på austsida av området.

Innspel om deponi frå grunneigar ved planoppstart.



5.2.3 Område aust for Breiddalen som blir med

Etter ein intern prosess har prosjektet lagt til fire forslag aust for Breiddalen. Desse områda er enten kjende for Statens vegvesen frå før, eller vert i dag nytta til masselagring og/eller masseuttak.



Figur 5-3 Oversikt over aktuelle område mellom Breiddalen og Bismo.


Innspel frå intern prosess i Vegvesenet

3-1 Billingen

Området ligg på begge sider av rv. 15, rett sør for Billingen. Omfanget av massar er ikkje vurdert.

Området består av skog og noko ferskvatn.

Arealet som er merka med raud plangrense viser eit utvida planområde etter varsel om planoppstart. Arealet er interessant fordi store delar av området er omfatta av tidlegare massetak og er nyleg snauhogd.



4-1 Framruste

Området ligg nord for elva Framrusti i Billingsdalen på vestsida av Ottaelva, i området ved Polfoss. Området består av eit tidlegare massetak. Omfang masser er ikkje vurdert.


Området består av open fastmark og noko skog.



5-1 Kleivholet

Området ligger langs rv. 15 sør for dammen i Heggjebottvatnet i Billingsdalen. Omfang masser er ikkje vurdert.


Området består av skog og noko open fastmark.



6-1 Kuhølgruva


Området ligger på nordsida av Ottaelva ved Nordberg. Området er avsett til råstoffutvinning i gjeldande kommuneplan og er regulert. Omfang masser er ikkje vurdert.

Området består av open fastmark, og noko skog.



6 SILING AV AKTUELLE MASSELAGRE

Prosjektet ønsker å gå breitt ut og er opne for innspel både til dei forslaga til masselager som ein har valt å gå vidare med i planprogrammet i etterkant av planoppstart og til nye som kan komme seinare i planprosessen. Som følgje av dette vil det vere naudsynt å gjennomføre ein silingsprosess for dei områda som blir med vidare i planprogrammet, jf. 5.2.2 og 5.2.3. Dette for å sile vekk dei løysingane som ikkje er aktuelle å ta med etter ein nærmare temavise utgreiing i etterkant av vedtatt planprogram.



Figur 6-1 Figur henta frå handbok V712 punkt 3.8 (høyringsutgåva datert mai 2025)

Målet med ein silingsprosess er å redusere talet på område som skal konsekvensutgreiast til dei mest aktuelle og realistiske forslaga. I tillegg skal silingsprosessen dokumentere kvifor enkelte forslag vert forkasta og kvifor enkelte blir tekne med vidare.

Prosjektet forventar i høyringsperioden innspel og forslag til ytterlegare område for masselagre. Det er difor valt å utsetje silingsprosessen til etter varsel om oppstart. På den måten vil alle innkomne forslag kunne behandlast på same måte som dei forslaga som allereie er aktuelle.

Prosjektet vil legge til grunn prosess for siling omtalt i handbok V712 punkt 3.8 (jf. V712 høyringsutgåva datert mai 2025).

Følgjande tema vil bli lagt til grunn for silingsprosessen:

Anleggsgjennomføring	Her inngår grove kostnader til ei rekke tiltak, slik som klargjering av område til masselagring, behov for tiltak på veg til området, tiltak for trafikksikkerheit, og kostnader knytt til anleggsarbeida.
Naturfare	Fare for skred, flom og handtering av vatn i anleggsfase og verknader i permanent fase.
Klima	Det skal gjerast ei vurdering av klimagassutslepp som følgje av tiltaket, slik som arealinngrep, transport av massar, anleggsarbeid og liknande.
Landskapsbilete	Det skal gjerast ei overordna vurdering av konfliktnivå på landskapsbiletet, både i anleggsfasen og etter istandsetting.
Friluftsliv, by- og bygdeliv	Det skal gjerast ei overordna vurdering av konfliktnivå på ev. bruk av området til friluftsliv og rekreasjon, turmoglegheiter osv.
Naturmangfald	Det skal gjerast ei overordna vurdering av verknader for naturverdiar i området slik som verneområde, ansvarsartar, truga artar og naturtypar, villrein osv.
Vassmiljø	Det skal gjerast ei overordna vurdering av verknader på vassmiljø, enten via avrenning, eller direkte ved deponering i vatn.
Naturressursar	Det skal gjerast ei overordna vurdering av konfliktnivå på naturressursar som jordbruksareal, vassressursar/drikkevatt, utmarksressursar og mineralressursar.
Kulturarv	Det skal gjerast ei overordna vurdering av konfliktnivå på kulturarv, slik som freda og verneverdige objekt og miljø, og kulturlandskapsverdiar.

Usikkerheit	Under dette kjem prosessrisiko
Etterbruk	Det vil bli utført ei vurdering om massane kan bli nytta til seinare tiltak, slik som utbetring av veg, tilrettelegging for utbygging, utbetring av tilhøve for dyrking og andre tiltak.

Det vil bli utarbeidd ein rapport som samanfattar og dokumenterer silingsprosessen. Rapporten vil følge forslag til kommunedelplan når planen blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Dei områda som står igjen etter silingsprosessen, vil bli konsekvensutgreidd i samsvar med vidare omtalte prosess, jf. kapittel 7 og 8.

Ein er framleis interessert i nye forslag til masselagerområde. For dei nye områda vil det bli det meldt planoppstart og utgreidd i samsvar med plan- og bygningslova. Silingsprosessen for desse områda vil vere i samsvar med det som går fram av dette planprogrammet.

7 METODIKK FOR UTGREIING

Det blir utarbeidd konsekvensutgreiing av dei aktuelle masselagera som ein vel å gå vidare med.

Som omtalt under pkt. 2.2 blir det stilt krav om at tiltaket rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger blir konsekvensutgreidd. Konsekvensutgreiingar (KU) skal gjennomførast i samsvar med KU-forskrifta § 21.

Statens vegvesen gjennomfører vanlegvis konsekvensutgreiingar etter metode i handbok V712 *Konsekvensanalyser*. I V712 er verknader for miljø og samfunn samla i hovudtema landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald (inkl. vassmiljø og forureining), kulturarv, naturressursar (med fleire deltema), støy og luftforureining og utslepp av klimagassar, naturfare og ulykkesrisiko. I sum dekker dette opp det ein reknar som mest relevant etter KU-forskrifta i høve vegutbygging.

Store statlege investeringar har også krav om å gjennomføre ei samfunnsøkonomisk analyse. Ei slik analyse vil bli utført i samband med «hovudprosjektet», kommunedelplan for, rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger. Det vil ikkje bli gjennomført ei samfunnsøkonomisk analyse etter handbok V712 for masselagra åleine. Det vi bli gjennomført ein samanstilling av kostnader knytt til arbeid med masselager og relevante tema for konsekvensutgreiing omtalt i kapittel 8.

8 UTGREIINGSPROGRAM

Metodikken for konsekvensutgreiinga er omtalt i kapittel 7. Dette kapittelet gjer greie for kva kvart tema omfattar og kva problemstillingar som skal utgreiast.

8.1 Kostnader

Kostnader omfattar kostnadene for å etablere kvart masselager, mellom anna klargjering av områda, sikring mot skred, tiltak på veg til området, trafikksikring, samt kostnader knytt til transport, anleggsarbeid og etterarbeid.

8.2 Tema som skal utgreiast i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing

Tema som reknast som relevant for masselagre skal utgreiast i tråd med KU-forskrifta § 21.

For kvart konsekvenstema lista opp under er det gjort greie for:

- **Definisjon av tema** (der dette er naudsynt)
- **Fokus for utgreiinga** - kva som er oppfatta som dei viktigaste problemstillingane i både anleggsfase og permanent fase
- **Utgreiingsbehov** - ei konkretisering av kva ein treng av nye utgreiingar
- **Metode** - kva som er tilrådd metode for det enkelte tema
- **Grunnlagsmateriale** - oversikt over eksisterande kunnskap i form av planar, utgreiingar, retningslinjer, registreringar og databasar som vil vere viktig for utgreiinga, samt trong for eventuelle tilleggsutgreiingar.

8.2.1 Klima

Utslepp av klimagassar skal i denne planprosessen kartleggjast ved at det utarbeidast ein klimagassanalyse.

Det vil vere behov for å kartlegge mellom anna transportavstandar, naturinngrep og volum av massane for å vurdere og rekne ut klimagassutslepp frå dei ulike alternativa. I analysen vil klimagassane bli omrekna til CO₂-ekvivalentar.

Klimagassutslepp blir delt opp i:

- direkte klimagassutslepp - utslepp frå drivstoff og energibruk frå maskiner og køyretøy i anleggsgjennomføringa.
- indirekte klimagassutslepp – utvinning, produksjon og transport av materiale.
- klimagassutslepp frå arealinngrep – for eksempel nedbygging av skog, myr og andre karbonrike areal.

Klimagassutslepp skal vere ein del av grunnlaget for val knytt til masselagra. I samband med analysen av klimagassutsleppet frå masselagra vil særleg kartlegging av transportavstand, massevolum, handtering av massane og arealinngrep vere aktuelt. For å rekne ut klimagassutsleppet vil Statens vegvesens verktøy VegLCA (veglivssyklusanalyse) bli nytta. For utrekning av klimagassutsleppet frå areal vil tilgjengeleg kartgrunnlag, eksempelvis Kilden (Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO) bli lagt til grunn. Resultatet frå grunnboringar og undersøkingar i området vil også bli nytta der det er formålstenleg for å vurdere klimagassutsleppet frå arealinngrep.

8.2.2 Landskapsbilete

Definisjon av tema	<p>Landskapsbilete er her eit uttrykk for landskapet sine romlege og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element, som særpregar eit geografisk område. Det romlege og visuelle omhandlar korleis landskapet vert opplevd som fysisk form (V712).</p> <p>Landskapsøkologi inneheld både ein landskaps- og ein økologisk dimensjon. I V712 vert landskapsdimensjonen omhandla i fagtema landskapsbilete. Romlege og visuelle strukturar i landskapet kan utgjere viktige (større) samanhengar, som linjer, korridorar og mosaikk. Dei kan vere (særleg) sårbare for fragmentering, eller for danning av nye barrierar ved tiltak.</p>
Fokus for utgreiinga	Det er store landskapskvalitetar innan utgreiingsområdet. Hovudfokus er landskapsmessige vurderingar knytt til verknaden av nye masselager.
Utgreiingsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Visualisering <ul style="list-style-type: none"> ○ Lokalisering i landskapet, landskapstypar ○ Fjern- og nærverknad av masselager, med tilhøyrande tiltak • Landskapstilpassing <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurdering av tilpassing av masselager til topografi og sideterreng, med tilhøyrande tiltak ○ Nye landskaps- og terrengformer
Metode	<p>Handbok V712 Konsekvensanalysar (gjeldande versjon)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Visualisering i 2D/3D
Eksisterande materiale	<ul style="list-style-type: none"> • Handbok V712 Konsekvensanalysar (gjeldande versjon) • NiN landskap, Artsdatabanken • Økologisk grunnkart, Artsdatabanken • Naturbase, Miljødirektoratet • Verdifulle kulturlandskap, Geirangerfjorden • Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden • Verneplan for vassdrag, NVE • Tidlegare utarbeidd grunnlagsmateriale (KVU) <p>Lista er ikkje uttømmende.</p>

8.2.3 Friluftsliv/by- og bygdeliv

Definisjon av tema	Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Omgrepet by- og bygdeliv er her definert som opphald og fysisk aktivitet i byar og tettstader (V712)
Fokus for utgreiinga	<p>Det er viktige friluftslivsinteresser innan utgreiingsområdet.</p> <p>Temaet omfattar alle område som gir ålmenta moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande og triveselskapande aktivitet i nærmiljø og naturen elles. I dette fagtema skal det også utgreiast kva påverknad støy har på menneske sin bruk og oppleving av friluftsområde. Temaet omfattar ikkje motorisert ferdsel eller næringsverksemd.</p>
Utgreiingsbehov	Utgreiingar er baserte på kjende kartleggingsdata.
Metode	Handbok V712 Konsekvensanalysar (gjeldande versjon)

Eksisterande materiale	<ul style="list-style-type: none"> • Naturbase (Miljødirektoratet) • Fylkesatlas Vestland • Verneplan for vassdrag, NVE • Tidlegare utarbeidd grunnlagsmateriale (KVU) <p>Lista er ikkje uttømmende.</p>
------------------------	--

8.2.4 Naturmangfald

Definisjon av tema	<p>Temaet omhandlar terrestriske (landjorda), limniske (ferskvatn) og marine (brakkvatn og saltvatn) system, inkludert livsvilkår (vass- og jordmiljø) knytt til desse.</p> <p>Naturmangfald blir i naturmangfaldlova definert som biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald som ikkje i hovudsak er eit resultat av menneskeleg påverknad. Verknader for landskapsmangfald i ei konsekvensanalyse blir omtalt under landskapstemaet. Elles dekker naturmangfaldtemaet lova sine omgrep.</p>
Fokus for utgreiinga	<p>Det er store naturverdiar i planområdet. Breiddalen er eit viktig område for villreinen i Reinheimen og Breheimen villreinområde. Særleg for utveksling av arvemateriale mellom dei ulike stammene, men området har også vore brukt til kalving og beiting.</p> <p>På sørsida av Breiddalen ligg Breheimen nasjonalpark, og mot nordvest ligg Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, som også har status som verdsarvområde: Vestnorsk fjordlandskap-Geiranger.</p> <p>Vassmiljøet i plan- og influensområdet er òg viktig å greie ut, slik at sektorstyresmaktene kan vurdere verknaden for vassmiljøet med tanke på § 12 i vassforskrifta.</p>
Utgreiingsbehov	<p>Utgreiinga skal samanstillast eksisterande kunnskap om naturverdiane i området, og supplere kunnskapsmanglar med kartleggingar og undersøkingar. Vidare skal det gjerast greie for konsekvensane av planen for naturmangfald.</p> <p>Det vil bli utført naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks.</p> <p>Det vil bli utført vassdragsundersøkingar i plan- og influensområdet.</p> <p>Konsekvensar for villrein i Breiddalen skal utgreiast.</p> <p>Økologiske funksjonsområde og samanhengar for andre artar vert også undersøkte.</p> <p>Kommunane og lokale kjelder vil bli kontakta med tanke på opplysningar om vilt og fisk.</p> <p>Statsforvaltaren har opplysningar om status for sensitive artar, og rettleiing om aktuelle omsyn til desse.</p>
Metode	<p>I hovudsak aktuelle delar av Handbok V712 Konsekvensanalysar, men det kan vere aktuelt å supplere med M-1941 (miljødirektoratet sin KU-rettleiar) for delar av utgreiinga.</p> <p>Naturtypekartlegging skal i hovudsak skje etter Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks gjeldande versjon per kartleggingstidspunkt. I tillegg kan det bli noko kartlegging etter aktuelle handbøker frå Miljødirektoratet, med oppdaterte faktaark.</p> <p>Undersøking i vassmiljø vil ta utgangspunkt i Klassifiseringsrettleiar 02:2018 - Klassifisering av miljøtilstand i vann.</p>

Eksisterande materiale	<ul style="list-style-type: none"> • Økologisk grunnkart, Artsdatabanken • Naturbase (Miljødirektoratet) • Artskart (Artsdatabanken) • Sensitiv artsdatabase • Hjorteviltregisteret (Miljødirektoratet - Naturdata) • VVV-rapportar • Handlingsplan for aktuell art eller naturtype • Flyfoto frå ulike tidspunkt • Inngrepsfrie naturområde i Norge (INON), (Miljødirektoratet) • Kilden - til arealinformasjon, Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO • Berggrunns- og lausmassekart frå NGU • Geologisk naturarv, NGU • Vann-Nett, Miljøforvaltninga og NVE • Vannmiljø • Lakseregisteret, Miljødirektoratet • Aktuelle rapportar frå naturundersøkingar i utgreiingsområdet <p>Lista er ikkje uttømmande</p>
------------------------	--

8.2.5 Kulturarv

Definisjon av tema	<p>Kulturarv blir her definert som materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd. Fagtemaet femner om følgjande deltema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminne • Kulturmiljø • Kulturhistoriske landskap inklusive bylandskapet <p><i>Kulturminne</i> er definert som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, slik som lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.»</p> <p><i>Kulturmiljø</i> er definert som «eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.»</p> <p><i>Kulturhistoriske landskap</i> skal i denne samanhengen forståast som større samanhengande område med kulturmiljø, der den kulturhistoriske dimensjonen er framtrødande.</p>
Fokus for utgreiinga	<p>Utgreiingsområdet inneheld heilskapelege kulturmiljø og kulturhistoriske landskap, automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne, verneverdige bygningar og bygningsmiljø, gardsmiljø og andre nyare tids kulturminne.</p> <p>Formålet med utgreiinga er å samle kunnskap om desse kulturhistorisk verdfulle områda og sjå på konsekvensane av det planlagde tiltaket på desse.</p> <p>Utgreiinga skal ha fokus både på materielle og immaterielle spor etter menneske frå førhistorisk tid og fram til i dag, og skal inkludere ei oversikt over kjende kulturminne og kulturmiljø i området.</p> <p>Viktige fokusområde i planarbeidet vil vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse: Strynefjellet aust (K531) • Gamle og nye Strynefjellsveg. • Utmarksminne i området aust for Oppljosvatnet, og i Breiddalen og ikring Breiddalsvatnet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturminne innanfor gards- og stølsområda. <p>Lista er ikkje uttømmende.</p>
Utgreiingsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom utgreiinga skal ein skaffe kunnskap om verdifulle område for fagtema Kulturarv og tiltaket si direkte og indirekte påverknad på desse. Utgreiinga skal fanne om kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap frå både førhistorisk tid og nyare tid. • Det må utarbeidast ein samla vurdering av dei aktuelle vegalternativa sin verknad på heilskap og samanheng i kulturmiljøa og dei kulturhistoriske landskapa. • I konsekvensutgreiinga skal det vurderast areal for rigg og masselager knytt til dei ulike traséalternativa. Slike areal skal vurderast i høve til kulturminneinteressene.
Metode	<ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensutgreiing etter Handbok V712 Konsekvensanalyser • Synfaring/overflateregistreringar • Område med potensial for funn og behov for ytterlegare granskingar skal skildrast og bli vist på potensialkart • Konsekvensutgreiinga skal utførast av kulturminnefagleg kvalifisert personell med høg kompetanse innan kulturminne-feltet
Eksisterande materiale	<ul style="list-style-type: none"> • Handbok V712 (gjeldande versjon) • Askeladden.ra.no eller Kulturminnesok.no • <i>Unimus.no</i> (nettportal til samlingane til universitetsmusea) • Topografisk arkiv ved Kulturhistorisk Museum (UiO) • SEFRAK-registeret • Miljøstatus.no • Fylkesatlas.no • Landsverneplanar • Kulturminneplan for Skjåk kommune • Regional kulturplan for Innlandet fylkeskommune • Arealbruk i kommuneplanen sin arealdel • Bygdebøker og anna lokalthistorisk litteratur • Tidlegare gjennomførte konsekvensutgreiingar og kulturhistoriske registreringar i utgreiingsområdet

8.2.6 Naturressursar

Definisjon av tema	<p>Naturressursar blir sett ut frå samfunnet sine interesser og trong til å ha ressursgrunnlaget tilgjengeleg for framtida. Dette gjeld både som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping, og av omsyn til samfunnstryggleik. Vurderinga omfattar både mengd og kvalitet på ressursen. Naturressursar blir ikkje utgreidd på eigedomsnivå/ privatøkonomisk.</p> <p>Fornybare naturressursar er vatn (overvatn og grunnvatn), fiskeressursar i sjø og ferskvatn og andre biologiske ressursar jf. vilt. Vassressursar er her avgrensa til ferskvatn, og gjeld drikkevasskjelder, vatn til næringsmiddelproduksjon, jordbruksvatning og prosessvatn. Ikkje-fornybare ressursar er jordsmonn og mineralressursar (berggrunn og lausmassar).</p>
--------------------	--

Fokus for utgreiinga	Viktige fokusområde for planarbeidet er: <ul style="list-style-type: none"> • Vassressursar (drikkevatt/grunnvatt-potensial) • Utmarksressursar (utmarksbeite, beitebruk, fiske, elg/hjort) • Mineralressursar (inkl. grus og pukkrressursar)
Utgreiingsbehov	Basert på kjende og supplerande kartleggingsdata skal det utgreiast kva konsekvensar tiltaket kan føre til ved direkte inngrep (endra areal) og kva indirekte konsekvensar det kan føre til på sikt (endra kvalitet på, drikkevatt, utmarksressursar og mineralressursar). Avklare skadereduserande tiltak
Metode	Konsekvensutgreiing etter Handbok V712 Konsekvensanalyser for dei ikkje prissette faga
Eksisterande materiale	Nasjonale databasar jf. handbok V712 Konsekvensanalyser, vedlegg 2. Lista er ikkje uttømmande. <ul style="list-style-type: none"> • Arealressursar (AR50), Markslag (AR5) • Arealinformasjon og Utmarksbeite, Kilden.no • Vassforsyning, GRANADA – Nasjonal grunnvassdatabase, NGU.no, Mattilsynet og Vann-nett • Kart over minerala, metall og naturstein, kart over grus og puk, Norges geologiske undersøkelser (NGU), www.ngu.no • Kommuneplanane sin arealdel • Hovudplan for vassforsyning • Hjorteviltregisteret, Miljødirektoratet • Forvatningsplan for elg, hjort og rådyr 2024-2026 i Skjåk kommune

8.3 Risiko og sårbarheit (ROS)

Plan- og bygningslova § 4-3 stiller krav om at det i samband med planar for utbygging skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Formålet med ein ROS-analyse er å sikre at planar og tiltak tek omsyn til samfunnstryggleik.

Arbeidet med risiko og sårbarheit vil gå føre seg over fleire trinn og i ulike fasar av planarbeidet. ROS-analysen i dette prosjektet vil gjelde for dei avgrensa områda som er knytte til masselager i dagsonene med tilhøyrande transportnett. Rapporten vil vere eit tillegg til planomtalen.

ROS-analysen skal utarbeidast i tråd med Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser og med nærare detaljering i Statens vegvesen rapport 632 ROS-analyser i vegplanlegging. Begge grunnlagsdokumenta er forankra i NS-ISO 31000:2018 og DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, 2017).

Utgreiing av skredfare vil følgje NVE sin metodikk. For arbeid med masselager vil ikkje krav til skred etter vegnormalen N200 gjelde. Her vil det vere krav etter TEK17 som må brukast og tilpassast anleggsarbeid. Ein må også vurdere verknad av dei nye terrengformasjonane for framtida. Resultatet vil vere ein premissgivar for val av aktuelle område for vidare utgreiing.

Arbeid med ROS-analysen tek utgangspunkt i ulike faglege utgreiingar, intervju med fagpersonar og innspel frå interne og eksterne ressursar i felles samling. Det inkluderer nødetatar og kommunane. Sentrale rapportar vil vere skredfareutgreiing, fagrapportar innan geologi, geoteknikk og hydrologi, og sentrale konklusjonar i konsekvensutgreiingar etter andre tema. Dette vil bli gjort mot slutten av planfasen.

8.4 Tema som skal behandlast i planomtalen

I tillegg til dei særskilde utgreiingstema som er omtalt i kapittel 7 Utgreiingsprogram er det behov for ei nærare vurdering og omtale av ei rekkje andre problemstillingar. Desse tema vil ikkje bli underlagde ei konsekvensutgreiing, men drøfta og ivareteken i planomtalen.

- TS-revisjon
- Forureina grunn, potensielt syredannande masser og framande artar
- Arealbruksendringar og ev. andre lokale og regionale verknader
- Geologi (ingeniørgeologi)
- Grunnforhold og geoteknikk
- Skredfare
- Flaumfarevurdering og vasshandtering (hydrologi)
- Konstruksjonar
- Anleggsgjennomføring

9 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

9.1 Forholdet til kommunedelplan rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Formålet med å dele opp kommunedelplanprosessen, der kommunedelplanane for masselager er skilde frå kommunedelplanen for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger, er grunngeve med at ein først må fastsetje veg- og tunneltrasé før ein tek stilling til område for massehandtering. Dette kan innebere ei viss tidsforskyving mellom planane. I tillegg ligg fleire forslag til masselager utafor planområdet til kommunedelplanen for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger. Difor har ein kome fram til at det er ryddigast å skilje planprosessane frå kvarandre.

Riggområda og masselagra som nødvendige for å få bygd veganlegget og som er knytt til tunnelpåhogget, tunneldrivinga og bygging av ny rv. 15 i dagen kan bli tatt med i kommunedelplanen for rv.15. Dette er grunngeve med at framstillinga av kommunedelplanen då blir meir heilskapleg og forståeleg. Dei andre masselagra som vist i planprogrammet og som ligg lenger unna det nye veganlegget blir framleis med i kommunedelplanen for masselagra.

9.2 Planprosess for kommunedelplan for masselager (denne planen)

9.2.1 Planprogram

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og offentleg ettersyn til relevante styresmakter og offentlege organ, interesseorganisasjonar og andre berørte paratar. Dette blir gjort samtidig som det blir varsla planoppstart. Frist for uttale til planprogrammet skal vera minst 6 veker.

Skjåk kommune fastset planprogrammet for planarbeidet.

9.2.2 Silingsprosess

Siling av masselager skal gjennomførast i samsvar med metoden som er omtalt i kapittel 6. Det vil utarbeidast ein silingsrapport som samanfatar og dokumenterer silingsprosessen. Rapporten vil følgje som vedlegg til kommunedelplanen når planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

9.2.3 Konsekvensutgreiing (KU)

Dei områda som står igjen etter silingsprosessen, vil bli konsekvensutgreia. Konsekvensutgreiinga vert utarbeidd i tråd med fastsett planprogram og skal omtale verknader av tiltaket for miljøet og samfunnet, jf. kapittel 7 og 8.

9.2.4 Forslag til kommunedelplan

Forslag til kommunedelplan med KU vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, med frist for uttale minimum i 6 veker. Planforslaget blir endeleg vedteke av kommunestyret.

9.3 Medverknad

Plan- og utgreiingsarbeidet skal gjennomførast etter plan- og bygningslova sine føresegner om samråd, offentlegheit og informasjon.

Statens vegvesen og kommunane (planstyresmaktene) har som målsetjing å gi god informasjon og medverknadsmoglegheit i heile planprosessen.

Ved varsel om oppstart, høyring av planprogrammet og høyring av forslag til kommunedelplan vil det vera høve til å påverke planarbeidet. Det vil bli arrangert opne møte og/eller kontordagar i samband med utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn, og undervegs i prosjektet ved behov.

Det er viktig at alle parter er godt informert og har høve til å komme med innspel og merknader undervegs i planprosessen. Ved oppstart av planarbeidet ber vi særleg om innspel til aktuelle områder

for masselagring. Statens vegvesen har mål om at alle skal føle seg ivaretekne og vite kva som vert planlagt, og kva konsekvensar det får for dei.


Det blir lagt opp til tett samarbeid med kommunane og sentrale høyringsinstansar som statsforvaltarar, fylkeskommunar, NVE, andre aktuelle faginstansar, interesseorganisasjonar, grunneigarar og andre berørte partar. Fortløpande avklaringar mot overordna styresmakter for å prøve å få brei forankring av løysingar og å få avklaringar for å få god framdrift er viktig.

Dei innspela/merknadene ved planoppstart som går på sjølve realitetane i kommunedelplanen og som vi har valt å gå vidare med blir vurderte og svart ut einskilt i planarbeidet som følgjer etter vedtatt planprogram.

Informasjon om prosjektet og aktuelle dokument vil fortløpande bli lagde ut på Statens vegvesens nettsider, vegvesen.no/vegprosjekter.

9.4 Framdrift

Ein tar sikte på denne overordna framdrifta for heile rv. 15-prosjektet samla:



Figur 9-1 Overordna framdriftsplan



Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Tlf: (+47) 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

vegvesen.no

Tryggere, enklere og grønnere reisehverdag